



Austrheim kommune
Sætremarka 2

5943 AUSTRHEIM

Dato	Vår ref.	Dykkar ref.
07.12.2020	20/4876 - 8	

Melding om vedtak - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne sine tankar om Arbeidssenteret i framtida

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 025/20:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Leiinga av arbeidssenteret.

Arbeidssenteret skal ha ein leiar som har desse oppgåvene:

- Overordna ansvar for drifta.
- Kartlegge den enkelte sine ressursar og føresetnader.
- Utarbeide individuell plan for den enkelte ut frå deira behov.
- Gir rettleiing/stiller krav til arbeidstakar og medhjelpar/assistent.
- Er i dialog med administrasjonen med omsyn til behov for ressursar og evaluering av drifta.
- Er i dialog med pårørande til arbeidstakarane.

Arbeidssenteret treng ein leiar som kan lage planar for kvar dag og tilretteleggje meningsfylte aktivitetar. Tilbodet bør gi brukarane eit skille mellom heim og jobb.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne har ei forventning til at ein får eit godt samarbeid med ny leiar når det gjeld utvikling av tenestene og oppgåvene for brukarane, både dei som er her i dag og framtidige brukarar.

Lokale og produksjon:

Ein tilrettelagt arbeidsplass må ha eigna lokale, både med tanke på andre/nye oppgåver og med tanke på gjeldande forskrifter for universell utforming.

Det er viktig å ha kontakt med andre avdelingar i kommunen og næringslivet i regionen for finne moglege område å samarbeida på, til dømes delproduksjon, montering o.l.

Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dagen brevet kom fram til adressaten.

Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skriftleg til den instansen som har fatta vedtaket. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endrinar du ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vennleg helsing
Kristin Nesbø
fagleiar servicekontoret

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Andre mottakarar:
Austrheim kommune